

# **INSTRUKS FOR ELDSTERÅDET I EMBLEM BEDEHUSFORSAMLING**

Denne instruksen klargjer eldsterådet sine arbeidsoppgåver og ansvarsfordelinga mellom eldsteråd og forsamlingsstyret.

## **Formål og ansvar**

- Eldsterådet er forsamlinga sitt øvste åndelege organ og skal sjå til at arbeidet og livet i forsamlinga er i samsvar med forsamlinga sine lover, grunnlag, formål og visjon.
- Forsamlinga sin hovudpastor skal kallast og tilsettast av forsamlinga ved eldsteråd og forsamlingsstyre.
- Årsmøtet vel eldste etter innstilling frå eldsterådet og forsamlingsstyret. Medlemmar kan fremme forslag på eldste til styret/eldsterådet. Funksjonstid er 4 år og ein eldste kan gjenvælgast for 4 nye år. Etter to valperiodar kan ein eldste gjenvælgast etter 1 års pause.
- Eldsterådet består av 4 personar som har tillit i forsamlinga og kjenner forsamlinga godt.
- I tillegg til desse 4 er forsamlinga sin hovudpastor fullverdig medlem avrådet. Han er ikkje bunden av funksjonstid.
- Eldste vert innsett ved forbøn og handspålegging.
- Eldsterådet skal ha årleg kontakt med hyrderådet i IMF Sunnmøre.

## **Eldsterådsmøter og eventuelle saker**

- Eldsterådet konstituerer seg sjølv, og skal velje ein leiar og ein referent.
- Eldsterådet skriv referat frå sine møter som sendes til forsamlingsstyret. På same vis skal eldsterådet alltid få tilsendt referat frå forsamlingsstyret sine møter.
- Eldsterådet bør møtast 8-10 gonger pr. år og skal legge vekt på tid til bibel, bøn og samtale i tillegg til konkrete saker som skal handhevast.
- Eldsterådet skal leggje fram årsrapport i årsmeldinga for forsamlinga kvart år.
- Dersom forkynninga avvik frå det grunnlag og den truedkjennung forsamlinga byggjer på, skal eldsterådet føre tilsynssamtaler for rettleiing og foramaning med vedkommande forkynnar.
- Skulle ein situasjon oppstå der pastor eller andre tilsette ikkje lenger har den naudsynne tillit i den tenesta dei står i, og samtaler ikkje har ført fram, skal eldsterådet innstille på evt. oppseiing til forsamlingsstyret.
- Eldsterådet skal innstille ved tilsetting av hovudpastor. Ved andre tilsetjingar skal eldsterådet verte rådspurt.
- Eldsterådet skal ta hand om vanskelege spørsmål av åndeleg og læremessig art som måtte kome fram i forsamlinga.
- Eldsterådet skal kunne gje råd til styret og medlemmar i ulike spørsmål av åndeleg art.
- Dersom medlemmer i forsamlinga ikkje lever i tråd med Guds ord, skal eldsterådet føre samtaler med vedkommande.
- Eldsterådet har ansvar for (anten sjølve eller ved å utpeike nokon) som skal stå for salving og bøn for sjuke, forrette nattverd. Eldsterådet skal også utpeike nokon som kan ta hand om dåp og gravferd dersom hovudpastor er forhindra frå å gjere dette.

## **Gjentakande oppgåver i forsamlinga**

- Eldsterådet skal ha eit særleg ansvar for å utøve menneskeleg og åndeleg omsorg for hovudpastor og hans teneste, samt dei andre tilsette i forsamlinga. Dette gjeld både oppmuntring og vegleiing. Eldsterådet skal evaluere og gje innspel på forkynning m.m.
- Eldsterådet er pastor sin overordna i alle åndelege spørsmål på same måte som styret er det i alle praktiske, økonomiske og juridiske spørsmål.
- Eldsterådet har et særleg ansvar for forsamlinga sine medlemmar. Lir nokon vondt eller vert borte frå forsamlinga skal eldsterådet sjå til at desse vert følgt opp for samtale og hjelp.
- Eldsterådet kallar alle forkynnalar som skal brukast i forsamlinga. Eldsterådet skal sjå til at dei som vert brukte som forkynnalar i forsamlinga fører ei bibelsk og sunn lære, som gjev forsamlinga god og sunn åndeleg mat.
- Dersom eldsterådet ynskjer å kalle forkynnalar som vil påføre forsamlinga økonomiske utlegg ut over budsjetttramme, eller sette i verk andre større tiltak det ikkje er budsjettrammer for, skal dette leggast fram for forsamlingsstyret for godkjenning.
- Eldsterådet har ansvar for at det vert lagt opp til bredde i forkynninga i forsamlinga (heile Guds råd skal forkynnast). Eldsterådet skal gje innspel til forsamlingstyret om bibeltimar, temahelger, undervisning, viktige tema m.m. før forsamlingsstyret vedtek semesterplan.
- Eldsterådet skal bidra til at folk finn sine gåver og tenester i forsamlinga ved oppmuntring og vegleiing til nådegåvebasert teneste.
- Eldsterådet skal bidra til disippelgjering og modning i tenestene

**Vedteke på ekstraordinært årsmøte søndag 8. september 2019**